



Søknad om autorisasjon til å skrive ut opphavsserklæring som godkjend eksportør

Søknaden sendast

Namnet på tollregionen (sendast tollregionen der søkeren er registrert som næringsdrivande)

Adresse

Postnummer

Poststad

For Tolletaten

Autorisasjonsnummer:

Gyldig frå

Til

NO/

- A. Firmaet gis autorisasjon til å skrive ut opphavsserklæringar uansett eksportverdien av dei gjeldande opphavsprodukta innanfor dei avgjerdene som gjeld for godkjende eksportører iht. opphavsreglane fastsatt i dei ulike frihandelsavtalar Noreg (EFTA) har inngått.
- B. Firmaet gis også løyve til ikkje å skrive under slike opphavsserklæringar.

Stempel

Stad og dato

Underskrift

1. Opplysningar om selskapet

Namn på firma

Organisasjonsnr.

Postadresse

Postnummer

Poststad

E-postadresse (uavhengig av person)

Telefonnummer

Ansvarleg kontaktperson

Søknaden gjelder

- A. Underteiknande ansvarshavande i firmaet nemnd over søker om autorisasjon til å skrive ut opphavsserklæringar uansett eksportverdien av dei gjeldande opphavsvarerane
- B. Under teiknande søker vidare om løyve til å ikkje skrive under opphavsserklæringar, jf. avgjerdene om dette for godkjende eksportører gitt i opphavsreglane i dei ulike frihandelsavtalane som Noreg (EFTA) har inngått.

2. Opplysningar om eksportsendingar der frihandelsavtala(r) vert nytta

Land selskapet eksporterer til

Frihandelsavtalar som vert nytta

Opphavsbevis som vert nytta i dag

Kor ofte selskapet har eksport av opphavsvarer

3. Opplysningar om eksportprodukta

Egenproduserte produkt, sjå punkt 3.1

Produkter som ikkje er eigenprodusert, sjå punkt 3.2

3.1 Eigenproduserte produkt

Dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden:

- Utførselsdeklarasjon med tilhøyrande faktura for produkt 1 og 2.
- Innførselsdeklarasjon med tilhøyrande faktura og ev opphavsbevis for innførte innsatsmaterialer. Dersom innsatsmaterialane er kjøpte frå norsk leverandør, må det leggjast ved leverandørreklæring dersom innsatsmaterialet er ei opphavsvare.

Ver vennleg og fyll ut kalkyle på to produkt som er representative for selskapet sin eksport. Kalkylen må gi relevant informasjon i samsvar med frihandelsavtalane som vert nytta, og til aktuell opphavsregel og eventuelt listeregel.

Ulike listereglar krev ulik informasjon i kalkylen, og riktig utfylling vil indikere om selskapet har tilstrekkelig kunnskap om preferansetollbehandling.

Opphavet til produkta må kunne dokumenterast til ei kvar tid.

Produkt 1

Namn på produkt

Ferdigvara sin pris frå fabrikk

HS-nummeret til vara

Frihandelsavtala(r) som vert nytta

Listeregel for produktet ¹

Kalkyle

Material som er nytta	HS-nummer 4 siffer	Verdi på mengder som er nytta (% av EXW-verdi)	Leverandør	Opphavsland	Opphavsbevis

Produkt 2

Namn på produkt

Ferdigvarens pris fra fabrikk

Varens HS-nummer

Frihandelsavtale(r) som benyttes

Listeregel for produktet ¹

Kalkyle

Material som er nytta	HS-nummer 4 siffer	Verdi på mengder som er nytta	Leverandør	Opphavsland	Opphavsbevis

¹ Dersom det vert nytta fleire frihandelsavtalar for det eksporterte produktet, må listereglane for kvar avtale skrivast inn.

3.2 Produkt som ikkje er eigenproduserte

Dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden:

- Innførselsdeklarasjon med tilhøyrande faktura og opphavsbevis. Dersom produktet er kjøpt frå norsk leverandør, må det leggjast ved leverandørerklæring.
- Dersom selskapet ikkje produserer eksportprodukt sjølv, må selskapet likevel kunne dokumentere opphavet på produktet.

Produkt	Leverandør	Opphavsbevis/leverandørerklæring

4. Autorisasjon gis på vilkår av at:

- eksportøren til ei kvar tid har gode kunnskapar om gjeldande opphavsreglar og føresetnadar for utferding av opphavsbevis;
- eksportøren har særleg god kjennskap til reglane som gjeld for godkjende eksportørar i den einssilde avtale
- eksportøren – etter krav frå Tolletaten – kan dokumentere at utskrivne opphavsbevis er rette
- eksportøren tek på seg det fulle ansvar for kvar opphavserklæring der han vert identifisert, som om ho var skrive under av han for hand.
- eksportøren straks melder frå til Tolletaten ved eventuelle feil eller dersom behovet/vilkåra for autorisasjonen ikkje lenger er til stades;
- eksportøren i minst 10 år oppbevarer kopi av opphavserklæringar saman med andre eksportdokument og bevismaterial som stadfestar at dei utskrivne opphavsbevisa er rette

5. Søkjarens si underskrift

Stad og dato	Underskrift
--------------	-------------

6. Vedlegg

Følgjande vedlegg følgjer med søknaden

Oversikt over tollregionene - Kontaktinformasjon

Tollregion Oslo og Akershus

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Tollregion Aust-Noreg (Hedmark, Oppland, Østfold)

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Tollregion Sør-Noreg (Aust-Agder, Vest-Agder, Buskerud, Telemark, Vestfold)

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Tollregion Vest-Noreg (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal)

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Tollregion Midt-Noreg (Trøndelag og Nordland)

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Tollregion Nord-Noreg (Troms og Finnmark)

Postboks 2103 Vika
0125 Oslo
post@toll.no

Preferansetollbehandling

Vi viser til søknad og ønske om informasjon om frihandelsregelverket.

Generelt

Frihandelsavtalane som Noreg har inngått gir norske firma høve til økonomiske fordelar ved import og eksport av produkt dersom krava i dei aktuelle frihandelsavtalane er møtt. For å kunne vurdere om produkta oppfyller krava, må eksportøren til ei kvar tid ha kunnskap om og vere oppdatert på regelverket.

Frihandelsavtalane stiller krav til korleis eit produkt skal framstillast/produserast. For at ein eksportør kan skrive ut eit opphavsbevis må ein vite at det aktuelle produktet oppfyller krava for å vere et opphavsprodukt.

For at ei vare skal vere eit opphavsprodukt må det enten

- vere framstilt i sin heilskap, eller
- vere tilstrekkeleg tilverka

Varer som er framstilt i sin heilskap

Varer som er framstilt i sin heilskap er mellom anna produkt som er dyrka, avla eller utvunne frå naturen i avtaleområdet. Dette vil t.d. vere produkt frå jakt, jord og fiske. Det omfattar også brukte varer som er samla inn og som berre er egna til attvinning og avfall, og skrap frå fabrikkverksemd.

Eigenproduserte varer

Er varen produsert i eige firma, må det kunne dokumenterast at vara er tilstrekkeleg tilverka eller foredla. Den tilstrekkelege tilverkinga eller foredlinga som krevst utført i Noreg går fram av lister i avtalane (prosessliste/listereglar). Listene er basert på tolltariffen og det er derfor heilt naudsynt å vite kva for varenummer eksportvara har.

Prosessliste/listereglane

Sei kor mykje tilverking eller foredling som må til for å oppnå opphavsstatus på ferdigproduktet. Dei kan òg regulere kor mykje tredjelandsvare (varer frå land som ikkje er ein del av frihandelsavtalen) som kan inngå i produksjonen.

Nokre reglar som går igjen i listene:

- **Posisjonsskifteregelen**
Denne listeregelen inneber at ei ferdigvare oppnår status som opphavsprodukt dersom tredjelandsmateriala som vert brukt i produksjonen av ferdigvara har ein annan posisjon i tolltariffen enn ferdigvara.
- **Verdiregelen**
Ferdigvara oppnår opphavsstatus dersom ho ikkje inneheld meir tredjelandsmaterialar enn oppgitt prosent i listeregelen. Prosenten vert alltid rekna ut frå ferdigvara sin pris frå fabrikk (Ex Works-pris).

For å slå fast om eigenprodusert vare oppfyller reglane må det settast opp ein opphavs-kalkyle for den aktuelle vara. Her skal alle innsatsmateriala sine verdiar, varenummer og opphav kome fram, samt underlagsdokumentasjon som kan stadfeste gitte opplysningar.

Dersom firma nyttar innsatsmaterial som er opphavsvarer, treng ikkje desse å oppfylle krava i lista. Dette må dokumenterast med inngåande opphavsbevis frå innsatsmateriala som vart importerte til Noreg eller med leverandørerklæring dersom varene er kjøpt av leverandør i Noreg. Dersom dette ikkje kan dokumenterast, vert varene rekna som tredjelandsvare.

Utilstrekkeleg tilverking

Når eit produkt vert tilverka i et land, men tilverkinga ikkje er omfattande nok til at produktet får opphav i det aktuelle landet, vert tilverkinga kalla med fellesnemninga "utilstrekkeleg tilverking/minimale prosessar». Slik tilverking kan for eksempel vere deling av kolli, enkel maling eller polering, enkel fylling i flasker og enkel blanding av produkt.

Toleranseregelen

Det finst unntak frå regelen om at ei vare må vere tilstrekkeleg tilverka eller foredla innanfor eit frihandelsområde. Unntaket vert kalla den generelle toleranseregelen. Den tillèt at ein utan omsyn til listeregelen for ferdigproduktet kan nytte inntil 10 % tredjelandsmaterialar i produksjonen.

For dei produkta der listeregelen krev at alle tredjelandsmaterialar som er nytta skal skifte posisjon, inneber den generelle toleranseregelen at du kan nytte inntil 10 % tredjelandsmaterialar som ikkje skiftar posisjon.

Den generelle toleranseregelen kan ikkje nyttast for tekstilvarer, det vil seie varer som er klassifisert i kapitla 50 til 63 i tolltariffen.

Kumulasjon

Kumulasjon tydar at produsenten i Noreg kan nytte opphavsmaterialar frå eit annaland som er med i dette systemet. Det tyder at materiala det vert kumulert med ikkje treng å tilfredsstille opphavsreglane for eksportproduktet.

Kumulasjon opnar for at opphavsprodukt frå eit land som er med i kumulasjonsordninga, kan re-eksporterast til et anna land som er med i same ordning, utan at ho mister sin opphavsstatus.

Ikke eigenproduserte/tilverka varer

Dersom eksportvara er produsert av ei anna bedrift i Noreg, må vara sitt opphav stadfestast med eit opphavsbevis i form av ei nasjonal leverandørerklæring. Leverandøren kan også bli kontrollert av Tolletaten.

Har varene opphav i et anna land enn Noreg innanfor den aktuelle frihandelsavtalen, må opphavet kunne stadfestast med eit opphavsbevis skrive ut av den utanlandske eksportøren ved import til Norge.

Utan slik dokumentasjon har ikkje eksportørar høve til å skrive ut opphavsbevis ved eksport frå Noreg.

Utfyllande informasjon finst på toll.no under tema Bedrift – Varer ut av Norge – Frihandel ved eksport. Oversikt over alle frihandelsavtalane Noreg har ligg under Regelverk – Avtalar i menyen nedst på sida.